

Millionoverskudd for Olavsfestdagene

■ Olavsfestdagene i Trondheim gikk med drøyt 1 million kroner i overskudd i 2011.

Av en pressemelding går det også fram at Stiftelsen Olavsfestdagens driftsinntekter i fjor var på snaut 28,5 millioner kroner.

Olavsfestdagene ble arrangert fra 28. juli til 5. august. I løpet av de åtte dagene ble det avviklet 250 arrangementer. Det ble solgt 36.170 billetter, noe som ga festivalen 7,8 millioner kroner i billettinntekter.

I år kan Olavsfestdagene feire sitt 50-årsjubileum. Festivalen åpner 28. juli. NTB



Oppfyller dra

Fem frikyrkjelydar og to organisasjonar starta denne veka samtale-senteret Fermate Sunnmøre. Dermed er draumen til Iris og Anne Line realisert.

BJØRN ARILD HATLEM
bjorn.arild.hatlem@dagen.no

Fermate tilbyr kurs, sjelesorg og rettleiing.

– Sjelesorg tyder omsorg for sjela, og for ein sjelesørgjar handlar det om å få gå saman med eit anna menneske eit stykke av livsvegen, seier dagleg leiar Iris Vartdal Clausen.

Ho trur at dette er noko som det er behov for på Sunnmøre, og håpar at folk vil nytte seg av det og at dei vil oppleve å få hjelp.

– Vi ønskjer å vere medvandrara, og at folk skal kjenne seg både sett og respektert for den dei er. Ein treng ikkje ha ei spesiell tru for å oppsøkje oss, seier Iris.

Saman med Anne Line Dahl Jerstad skal ho drive det femte norske Fermate-senteret på deltid, med eitt kontor i Ørsta og eitt i Ålesund. Måndag kveld var det opningsfest i Ålesund bedehus for desse to kontora som er eigd av Sunnmøre Indremisjon, Normisjon Møre og Frikyrkja i området.

Møttest i Lørenskog

– Iris og eg kjenner kvarandre frå Lørenskog Frikyrkje. For over ti år sidan sat vi på kyrkjekaffe og snakka om laust og fast. Begge hadde tenkt å flytte opp hit. Ho er herfrå, og eg har studert i Volda. Då viste det seg at vi hadde litt av den same draumen om å starte eit samtalesenter, fortel Anne Line.

Ho er mellom anna utdanna som familieterapeut medan kollegaen er sjukepleiar med utdanning i diakoni og sjelesorg.

Fermate har senter i Oslo, Sandnes, Kristiansand og Trondheim. Men kvar eining har sjølvstendig økonomisk ansvar og prioriterer ut frå bakgrunn og kompetanse lokalt.

– På Sunnmøre rettar vi oss mot vaksne menneske som har møtt utfordringar og motgang og kjenner at dei har lyst å rydde litt opp i livet før dei går vidare. Då kan det vere greitt å ha andre enn venner og familie å snakke med. Det kan vere tankar om tvil, eller val i livet som ein treng rettleiing på. Vi er også opne for parsamtaler, seier Anne Line.

Mange skjær i sjøen

– Mange menneske opplever livet som ein krevjande seilas,

FAKTA

Fermate Sunnmøre

- Eit ressurscenter for kurs, sjelesorg og rettleiing tufta på kristen tru og verdier.
- Eigarar: Sunnmøre Indremisjon, dei fem frikyrkjene på Sunnmøre og Normisjon Møre.
- Ordet Fermate er italiensk og tyder stopp i rytmen i musikken. Overført til sjelesorga blir det ei «kvilepause».
- Det er to tilsette i 20 prosents stilling kvar og senteret er ope kvar torsdag i Misjonskirka over Cafe Lyspunktet i Ålesund og i Ørsta Frikyrkje.

med mange skjær i sjøen. Ikkje alle treng å gå til ein psykolog, eller få hjelp innanfor det offentlege hjelpeapparatet. Derfor er det mange som oppsøker andre typar behandlarar og samtalepartnarar, seier Iris.

Senteret tilbyr tre ulike kurs til organisasjonar, forsamlingar, barnehagar og andre interesserte: Samlivskurs, eit kurs som skal førebygge seksuelle overgrep og eit kurs for å ta vare på seg sjølv og andre. Anne Line har som familierettleiar på ein helsestasjon sett kor godt det kan hjelpe å få lette på trykket ved å snakke med nokon som har teieplikt.


Hjelp til ekteskapet

– Til dømes er det par som slit og som kjenner at det er utfordrande å klare å ta vare på og styrke ekteskapet. Det er par som har sagt til meg at «dette barnet hadde ikkje blitt til, om vi ikkje hadde kome til deg. No held vi saman framleis og våga til og med å ta sjansen på å få eit barn til». Det er sånne blomstrar du får i kvardagen som gjer at du tenkjer ja, da var det verdt det. Det er kjekt å sjå at det hjelper.

Fermate vil lytte og stille spørsmål som både kan få menneske til å sjå saka i ulike perspektiv og som kan hjelpe dei til å finne løysingar på utfordringar.

– Vi er der saman med dei. Og for dei som ønskjer det i samtalen, kan vi også leggje utfordringar fram for Gud i bøn. Det er noko som skil dette frå det offentlege, at vi kan dra inn ein åndeleg dimensjon for dei som ønskjer det sjølv, seier Anne Line. Ho og Iris er som tilsette i Fermate sjølv forplikta til å gå til sjelesorg.

– Vi ønskjer å tilby andre noko som vi sjølve har opplevd som godt, seier Iris. DAGEN



KRISTENT: Samtalsenteret Fermate Sunnmøre i Misjonskirka i Ålesund der dei skal ha

– Det er stort be

Sunnmøre Indremisjon går inn i Fermate Sunnmøre fordi dei ser eit stort behov for sjelesorg i kristne organisasjonar, også innanfor bedehusrørsla.

BJØRN ARILD HATLEM
bjorn.arild.hatlem@dagen.no

– Vi ønskjer å ha eit tilbod for dei som treng samtale og rettleiing ut frå Guds ord, seier kinsleiar Karl Arne Austnes til Dagen.

Han meiner at det kan vere

GI NÆRHET

til mennesker langt hjemmefra

Send SMS «VENN» til 26112
og støtt vårt arbeid med 150,- pr. måned



NÆRHET LANGT HJEMMEFRA

Følg serien «Langt hjemmefra» kl. 2140 på TV 2 onsdager, og opplev hvordan vi gir nærhet, støtte og glede i hverdagens utfordringer langt hjemmefra.



www.sjomannskirken.no/langthjemmefra